- Innkjøpsrutinar. Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Bremanger kommune er delaktig i.
- Organisering av tenestene
- Generell og spesiell sakshandsaming
- Sakshandsaming, vedtak og svargjeving

På grunnlag av den overordna analysen skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltningsrevisjon som den skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4–6 prosjekt frå prosjekt fråd ei forslaga som ligg ovanfor, ev. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagd utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2013-2016.

26.04.2013 Kommunestyret

KST-023/13 Vedtak:

Saka vart utsett.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune for perioden 2013-2016
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 1. Prosjektrapportering og oppfølging
 2. Sakshandsaming av administrative vedtak og svargjeving

Før vidare rapportering av aktuelle prosjekt, får kontrollutvalet orientering om følgjande område:

- Avvikshandtering
 - Sjukefråværet – årsaker og samanhenger
 - Lege- og legevaktordninga
 - Barnevern
 - Innkjøpsrutinar
 - Taksering av eigedomsskatt; verk og bruk
 - Sikring og bruk av kunst
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

20.06.2013 Kommunestyret

KST-039/13 Vedtak:

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Bremanger kommune for perioden 2013-2016.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 1. Prosjekt rapportering og oppfølging
 2. Sakshandsaming av administrative vedtak og svargeiving.
- For vidare rapportering av aktuelle prosjekt, får kontrollutvalet orientering om følgjande område.
 - Avvikshandtering
 - Sjukefraværet – årsaker og samanhenger
 - Lege- og legevaktordning
 - Barnevern
 - Innkjøpsrutinar
 - Taksering av eigedomsskatt; verk og bruk
 - Sikring og bruk av kunst

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/ eller endre prioritering i perioden.

.....

.....

030/13 BUDSJETT 2014 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat
Dato: 07.10.2013

Utvall	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	14.10.2013	030/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Oversikt godtgjerslesatsar.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement for godtgjersle til folkevalde i Bremanger kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Reise/diett	Kr. 9.000,-
Konto 10803 Møtegodtgjersle	Kr. 23.000,-
Konto 10804 Tapt arbeidsforteneste	Kr. 8.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 1.000,-
Konto 11500 Kurs/seminar	Kr. 15.000,-
Konto 11200 Anna forbr.mat/råvarer/tenester	Kr. 700,-
Konto 11959 Kontingentar	Kr. 1.300,-
Drift av kontrollutvalet	Kr. 58.000,-

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT 2014 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett 2014 for drift av kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten ”Drift av kontrollutvalet”, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Andre utgifter

For folkevalde i Bremanger kommune er møtegodtgjersle og godtgjersle for tapt arbeidsinntekt rekna ut etter ein %-sats for den til ei kvar tid gjeldande ordførargodtgjersla. Ordførargodtgjersla vart justert den 01.05.2013 til kr 689.779,-

For kontrollutvalet i Bremanger gjeld følgjande satsar for godtgjersle.

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste ulegitimert – 0,20% av ordførar si godtgjersle – kr. 1.379,-.
- Tapt arbeidsforteneste legitimert – inntil 0,35% av ordførar si godtgjersle – kr. 2.414,-.
- Møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar – 0,25% av ordførar si godtgjersle – kr. 1.724,-.
- Møtegodtgj. for medlemer i kontrollutvalet – 0,085% av ordførar si godtgjersle – kr. 586,-.

Bremanger kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtekten sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Bremanger kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I BREMANGER KOMMUNE 201

Ferjebillettar	1000 (5*150)
Køyregodtgjersle	8000 (5*4,05*400) (tal møter * sats * km)
Tapt arbeidsforteneste	8000 (5*1379) feriepengar (tal møter*sats ulegm*fpsats)
Møtegodtgjersle	23000 5(5*586)+5*1724 (tal møter*sats)
Arbeidsgjevaravgift	1000 10,6% av tapt arb.fort.
Kurs/seminar	15000
Kontingent FKT	1300
Kaffi/mat	700
Drift	58000



BREMANGER KOMMUNE

Folkevalde sine arbeidsvilkår

Reglement vedteke i K-styre den 09.03.2010, sak 005/010
Gjeld frå 01.01.2010

INNHOLD:

1	Innleiing.....	s. 1
2	Lovgrunnlag.....	s. 1
3	Opplæring av folkevalde.....	s. 2
4	Kommunale møte.....	s. 2
4.1	Møteplanar.....	s. 2
4.2	Tidspunkt for kommunale møte.....	s. 2
5	Møteplikt og møterett.....	s. 2
6	Vederlag for tapt arbeidsforteneste.....	s. 2
6.1	Dokumenterte tap.....	s. 2
6.2	Udokumentert tap.....	s. 3
6.3	Redusert vederlag.....	s. 3
6.4	Tilsette i offentleg verksemd.....	s. 3
6.5	Møte på fritid.....	s. 3
6.6	Møte på kveldstid.....	s. 3
6.7	Omsorgsarbeid.....	s. 3
6.8	Generalforsamlingar m.v.....	s. 3
6.9	Utbetaling.....	s. 3
7	Pensjon for folkevalde.....	s. 3
8	Godtgjersler.....	s. 4
8.1	Fast godtgjersle.....	s. 4
8.1.1	Ordførar.....	s. 4
8.1.2	Varaordførar.....	s. 4
8.1.3	Formannskap.....	s. 4
8.2	Møtegodtgjersle.....	s. 4
8.2.1	Leiar av utval, råd, styre.....	s. 4
8.2.2	Medlemer/varamedlemer.....	s. 5
8.2.3	Møte på same dag, utbetaling, avgrensingar.....	s. 5
8.3	Servering.....	s. 5
8.4	Skyss- og kostgodtgjersle.....	s. 5
9	Dei politiske partia.....	s. 5
9.1	Bruk av kommunalt eigde lokale.....	s. 5
9.2	Kopiering.....	s. 5
9.3	Økonomisk støtte.....	s. 5
10	Tolkingsspørsmål.. ..	s. 5

1 Innleiing

Dette reglementet regulerer arbeidsvilkåra for dei folkevalde i Bremanger kommune. Alle godtgjerslene i reglementet er relatert til ordførar sin årsgodtgjersle. Ordføraren sin årsgodtgjersle er på si side knytt opp mot årsløna til ein stortingsrepresentant. Godtgjersla til dei folkevalde vil såleis følgje utviklinga i stortingsrepresentantane si løn/ordførar si årsgodtgjersle som vert fastsett av Stortinget med verknad frå 1. mai det einskilde år.

2 Lovgrunnlag

Rett og plikt til å delta i møte i kommunale organ, er heimla i kommunelova § 40 nr. 1:

§ 40, Rett og plikt til å delta i møter i kommunale og fylkeskommunale organer. Inabilitet.

Rett til dokumentinnsyn

1. *Den som er valgt som medlem av kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ, plikter å delta i organets møter, med mindre det foreligger gyldig forfall.
Arbeidstaker har krav på fri frå arbeid i det omfang dette er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer. Arbeidstaker har også rett til permisjon frå sitt arbeid i fire åre, eller for resten av valgperioden for å utføre heltids- eller deltids kommunalt eller fylkeskommunalt verv.*

Dei folkevalde sine rettar til godtgjersle og dekking av utgifter er heimla i kommunelova §§ 41 og 42.

§ 41, Dekning av utgifter og økonomisk tap.

1. *Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget sjølv.*
2. *Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr. dag, fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimert og ulegitimert tap.*

§ 42, Arbeidsgodtgjøring

1. *Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.*

Bakgrunnen for at retten til arbeidsgodtgjersle for alle kommunale tillitsverv kom med i kommuneloven, var at alle verv inneber ei viss belastning. Kommunalovutvalet meinte og at retten til godtgjersle ville bidra til ei oppvurdering av vervet og føre til auka rekruttering i det politiske arbeidet.

§ 43, Pensjonsordning

Kommunestyret og fylkestinget kan sjølv vedta å opprette eller slutte seg til en pensjonsordning for folkevalgte i kommunen eller fylkeskommunen.

3 Opplæring av folkevalde

I byrjinga av kvar valperiode vert det arrangert kurs for kommunestyret om dei grunnleggjande prinsippa for kommunal verksemd.

Ordførar og rådmann har ansvar for at opplæringa vert sett i verk.

4 Kommunale møte

4.1 Møteplanar

Ordføraren er ansvarleg for at det vert utarbeidd halvårlege møteplanar for kommunestyret, formannskapet og finansutvalet.

Møtedag skal i regelen vere tysdagar.

Leiarane av andre utval, råd og styre har ansvar for utarbeiding av møteplanar og innkalling til møte i respektive utval, råd, styre.

Fastsettjing av møter skal skje ut frå trøng. Det skal takast omsyn til fri- og helgedagar, samt ferie.

Tida 01.07. – 15.08. bør vere for kommunale møte.

Det kan haldast møte i tillegg til møteplanen dersom ekstraordinære forhold gjer det naudsynt.

Det kan haldast fjernmøte (telefonmøte) i einskildsaker, jf. kommuneloven § 30.

4.2 Tidspunkt for kommunale møte

Møte i kommunale utval skal i regelen ta til kl. 09:00.

5 Møteplikt og møterett

Den folkevalde har møteplikt i kommunale organ med mindre vedkomande har gyldig forfall. Jf. kommunelova § 40 nr.1. Som gyldig forfall vert t.d. rekna sjukdom og viktige velferdsgrunnar. Også omsyn til arbeid må godkjennast som gyldig forfallsgrunn når det ligg føre heilt særskilde grunnar. Dette kan vere når vervet medfører at den folkevalde har fråvær frå arbeidsplassen svært ofte, at fråværet er svært omfattande eller at særtrekk ved bedrifta eller arbeidstakaren sine funksjonar i bedrifta medfører særleg store vanskar eller skadeverknader ved fråvær i det omfang som er naudsynt for å utføre vervet.

Det skal meldast frå om forfall og forfallsgrunnen så snart ein har kjennskap om at ein vil vere lovleg forhindra frå å møte.

6 Vederlag for tapt arbeidsforteneste

6.1 Dokumentert tap

For folkevalde som får redusert arbeidsinntekt fordi ein brukar arbeidstida på kommunale verv, dekker kommunen dette tapet, løn og feriepengar, på grunnlag av attest frå arbeidsgjevar opp til 0,35% av ordførargodtgjersla pr. møtedag.

Sjølvstendige næringsdrivande som kan dokumentere tap i inntekt på grunn av kommunale verv, får dekka dette tapet opp til 0,35% av ordførargodtgjersla pr. møtedag. Tapet kan dokumenterast med likningsattest. Inntektstapet vert utrekna etter netto årsinntekt dividert med 240 dagar. Tapet kan og dokumenterast med attest over kostnader med vikar.

6.2 Udokumentert tap

Folkevalde som får tap i arbeidsinntekt på grunn av kommunale verv, får utan attest dekka tapet med 0,2% av ordførargodtgjersla pr. møtedag.

6.3 Redusert vederlag

Er fråveret frå arbeid kortare enn 4 timer, vert det ytt halvt vederlag.

6.4 Tilsette i offentleg verksemd

Tilsette i offentleg verksemd eller andre som opprettheld løna si under fråvær for å ivarta kommunale verv, får ikkje vederlag for tapt arbeidsinntekt.

6.5 Møte på fritid

Folkevalde som møter på ein fridag, får vederlag for brukta tid etter udokumentert sats.

6.6 Møte på kveldstid

Det vert ikkje betalt tapt arbeidsforteneste på kveldstid, med mindre tapet kan dokumenterast

6.7 Omsorgsarbeid

Folkevalde som har omsorgsansvar for born, sjuke, eldre eller funksjonshemma, får etter rekning dekka utgifter til tilsyn og pleie i den tida han/ho er fråverande for å ivareta kommunale verv. Refusjon vert betalt direkte til den personen som har teke på seg omsorgsansvaret medan den folkevalde er fråverande.

6.8 Generalforsamling m.v

Kommunen sine utsendingar til generalforsamling, årsmøte, representantskap får dekka tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter. Frammøte må dokumenterast.

6.9 Utbetaling

Krav om vederlag for tapt arbeidsforteneste må sendast kommunen omgåande.

Krav som ikkje er send inn innan 3 månader fell bort.

Utbetaling skjer ved første ordinære lønningsdag i kommunen.

7 Pensjon for folkevalde

Kommunen syter for pensjon for ordføraren ved å melde vedkomande inn i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) si pensjonsordning for folkevalde.

Kommunen og ordførar betalar kvar sine delar etter dei til ei kvar tid fastlagde prosent av brutto godtgjersle.

Pensjonsordninga for ordføraren tek til å gjelde frå det tidspunkt ordføraren tiltrever vervet.

Det vert ikkje føreteke innmelding i pensjonsordninga for andre folkevalde enn ordføraren.

8 Godtgjersle

8.1 Fast godtgjersle

8.1.1 Ordførar

Ordførar har heiltidsstilling og skal ha ei årleg godtgjersle som vert fastsett av kommunestyret.
Ordførar som går av skal ha godtgjersle i 3 mnd. Etter sluttdato som kompensasjon for feriepengar og etterløn.

8.1.2 Varaordførar

Varaordførar får ei årleg godtgjersle på 5% av ordføraren sin godtgjersle.

Godtgjersla dekker representasjonsoppgåver og kortare vikariat for ordførar (inntil ei veke). I tillegg skal varaordførar ha 3% av ordførar si godtgjersle, som dekker møtegodtgjersle i formannskapet, jf. pkt. 8.1.3.

Ved lengre vikaropphold vert varaordførar avløna tilsvarende ordførar si godtgjersle.

8.1.3 Formannskapet

Formannskapsmedlemmene får ei årleg godtgjersle som tilsvrar 3% av ordføraren si godtgjersle.

Godtgjersla dekker 12 møte i formannskapet og representasjonsoppgåver.

For møte utover 12, vert det betalt ei godtgjersle på 0,2 % av ordførarløna.

8.2 Møtegodtgjersle

Møtegodtgjersle er meint å vere ein kompensasjon for meirarbeid med politisk deltaking og førebuing på fritida.

8.2.1 Leiarar av utval, råd og styre

Leiar av kommunalt utval, råd, styre får 0,25% av årsgodtgjersla til ordførar pr. møte.

8.2.2 Medlemer/varamedlemer

Medlemer, møtande varamedlemer som møter i kommunale utval, styre og råd får 0,085% av ordførargodtgjersla pr. møte.

Varamedlemer som vert innkalla til å møte på deler av møtet, t.d. ei einskild sak får halv møtegodtgjersle.

8.2.3 Møte på same dag, utbetaling, avgrensingar

Dersom dei folkevalde møter i fleire kommunale møte same dagen, vert det betalt møtegodtgjersle kun for eitt av møta.

Møtegodtgjersla vert utbetalt 2 gongar pr. år etter frammøteliste, som hovudregel i januar og august.

Møtegodtgjersle vert ikkje utbetalt til:

Det vert ikkje betalt ut møtegodtgjersle for synfaringar og samrådingar utanom møta, dersom ikkje heile utvalet, styret eller rådet er samla.

Kommunalt vald styremedlem i sjølvstendige institusjonar,/verksemder får ikkje godtgjort noko etter det kommunale regulativet.

Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle på opplæringsdagar, kurs og liknande.

8.3 Servering

Ved møte som varar lengre enn 3 timer vert det enkel servering.

8.4 Skyss- og kostgodtgjersle

Dei folkevalde får dekka skyss- og kostgodtgjersle etter det kommunale regulativet for reiser i kommunal teneste. Det vert ikkje betalt ut kost- og nattillegg for reiser innan kommunen.

Så langt det er råd må medlemene samordne transport.

Krav om skyss- og kostgodtgjersle skal sendast fortlaupande. Krav som er eldre enn 3 månader fell bort.

9 Dei politiske partia

9.1 Bruk av kommunalt eigde lokale

Alle kommunalt eigde lokale vert vederlagsfritt stilte til rådevelde for dei politiske partia. Dette gjeld møtelokale i rådhuset, skulehus og andre kommunale bygg som elles vert nytta til møterom.

Det er ein føresetnad for gratis leige at lokala vert tinga på førehand, og at dei ikkje er leigd ut til andre. Vidare er det ein føresetnad at lokala vert nytta til møteverksemd og anna politisk arbeid som ikkje er inntektsgjevande.

9.2 Kopiar

Dei politiske partia får kopiera til ein pris på kr. 0,30 pr. kopi uavhengig av talet på kopiar.

9.3 Økonomisk støtte

Kommunestyret løyver kommunale midlar til dei politiske partiasom til ein kvar tid er representert i kommunestyret.

Kommunestyret sjølv fastset kvart år ein budsjettsum som vert fordelt på partia etter den statlege fordelingsnøkkelen.

10 Tolkingsspørsmål

Formannskapet skal handsame tolkingsspørsmål i samband med regelverket.

Formannskapet har endeleg avgjerdssrett.

031/13 OPPFØLGINGSLISTE 4-2013 OG MERKNADER - BREMANGER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.10.2013

Utv. organ	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	07.10.2013	031/13	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Bremanger.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslista 3-2013 Bremanger vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2013 OG MERKNADER – BREMANGER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva aka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 07.10 2013

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2013 - Bremanger.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvalsarbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertiarrapportar -Tilsynsrapportar
25/11 Forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekingar VAR-sektoren.	14.11.11	Oppfølging av kommunestyret sine merknader til rapporten.	14.11.11: Tiltråding til kst. 14.11.11 s/kst. 19.01.12 Vedtak kst sak 010/12 Sjå sak 020/13
002/12 Skriv og meldingar.	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU – - Vedrørande SM 03-12: Kontrollutvalet ber om å få tilsvaret frå kommunen. Kontrollutvalet vil oppmøde om at ein set i verk tiltak snarast uavhengig av frist frå Fylkesmannen. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune. 29.05.12 Svar vedlagt KU sak 012/12 SM 11-12. 29.05.12 Lat sak om SM 03-12 stå. Sjå sak 022/13
003/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 - 2016	25.02.13		25.02.13: Vedtak KU: Tiltråding av plan til kommunestyret. 28.02.13 Plan sendt til Kst. 20.06.13 Vedtak i Kst.
009/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigkeit.	15.04.13		15.04.13. Vedtak KU: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Bremanger kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigkeit datert 09. januar 2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering. 17.04.13 Sak 09/13 Vurdering av oppdragsansv. revisor sin uavhengigkeit til kst. til orientering.
010/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekingar VAR sektoren»	15.04.13		15.04.13. Vedtak KU: SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 010/12-Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Sjølvkostberekingar på VAR-sektoren», den 19.01.2012. 16.04.13 Brev til Bremanger kommune – svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 010/12 - Sjå sak 020/13
014/13 Godkjennning og sakliste.	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: D3et var ingen merknader til innkalling og sakliste.
014/13 Skriv og meldingar.	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.
015/13 Årsrekneskapen 2012 – Bremanger kommune	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Fråsegn vedteken 30.05.13 Fråsegn sendt til formannskap og Kst. 20.06.13 Vedtak i Kst.

016/13 Frøysjøterminalen KF - Årsrekneskapen	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Fråsegn vedteken 30.05.13 Fråsegn sendt til formanskap og Kst. 20.06.13 Vedtak i Kst.
017/13 Bremanger Hamn og Nærings KF – Årsrekneskapen 2012	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Fråsegn vedteken 30.05.13 Fråsegn sendt til formanskap og Kst. 20.06.13 Vedtak i Kst.
018/13 Svelgen idrettshus – Årsrekneskapen 2012	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Fråsegn vedteken 30.05.13 Fråsegn sendt til formanskap og Kst. 20.06.13 Vedtak i Kst.
019/13 Bremangerhallen – Årsrekneskapen 2012.	27.05.13		27.05.13 Vedtak KU: Fråsegn vedteken 30.05.13 Fråsegn sendt til formanskap og Kst. 20.06.13 Vedtak i Kst.
020/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrap. Sjølvkostberekingar på VAR-sektoren.	27.05.13		<p>27.05.13 Vedtak KU: Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen har følgt opp merknadane kommunestyret hadde i kommunestylesak 010/12-Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekingar på VAR-sektoren, den 19.01.2012. Og at det er gjort tiltak slik at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle relevante kostnader vert ført i sjølvkostrekneskapen. • H-2140 vert nytta som rettesnor for arbeidet, og på grunnlag av desse retningslinjene er det utarbeidd Retningsliner for utrekning av gebyrgrunnlaget for VA-sektoren i Bremanger kommune, rutineskildring for utrekning av vass- og avlaupsgebyr for Bremanger kommune og malar for utrekning av gebyrgrunnlag vatn og avlaup. Sjølvkostutrekninga skjer på tilsvarande måte. Desse dokumenta vil bli reviderte i 2013 etter innspel frå kommunerevisjonen. • Inndekningsgrada på sjølvkostområdet er lagt inn som note til rekneskapen, og vert handsama av kommunestyret i samband med godkjenning av årsrekneskapen. <p>30.05.13 Sak sendt til Kst. til orientering.</p>
021/13 Orientering – om Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane.	27.05.13		<p>27.05.13 Vedtak KU: Orientering vert teken til vitande</p> <p>Kommunalsjef oppvekstsektoren orienterte:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har ikkje fått tilbakemelding frå innleid konsulent vedrørande Svelgen Barnehage, Langnes Barnehage og Kalvåg Barnehage. - Häpar også å få med skulane i den endelege godkejnneinga. - Ingen endeleg frist frå Fyleksmannen.

			<ul style="list-style-type: none"> - Samarbeider no med Flora kommune med godkjenning av barnehagar.
022/13 Orientering – Tilsyn med kommunen sitt arbeid og evaluering av hjelpe tiltak til heimebuande barn.	27.05.13		<p>27.05.13 Vedtak KU: Orientering teken til vitande.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Adminsitrasjonen orienterte om: Avvik 1 <ul style="list-style-type: none"> - Internkontrollen for Barneverntenesta i Bremanger kommune har blitt oppdatert. - Bremanger kommune er no i ferd med å innføre "kvalitetslosen". - Avviket er lukka. Avvik 2 <ul style="list-style-type: none"> - Avviket har blitt lukka.
023/13 Orientering – Skatteoppkrevjaren.	27.05.13		<ul style="list-style-type: none"> - 27.05.13 Vedtak KU: Orientering frå adminidtrasjonen vert teken til vitande. - Har vore sjukdom i etaten i 2012. - Har målsetting om å foreta 8 arbeidsgivarkontrollar i 2013. - Resursane i avdelinga er eit heilt årsverk, i tillegg til ein 30% stilling.
024/13 Orientering – Innkjøpsfunksjonen i Bremanger kommune.	27.05.13		<p>27.05.13 Vedtak KU: Orientering frå adminidtrasjonen vert teken til vitande.</p> <p>Rådmannen orienterte om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er i gang eit prosjekt på e-handel saman med fleire kommunar i fylket. - Det vert arbeida med å få ein større skriftlegheit på innkjøp for kunne dokumentere dette mot leverandør. - Det skal utarbeidast nytt innkjøpsreglement i løpet av 4. Kvartal i 2013. Implementering skal gjennomførast i løpet av 2014. - Det skal også utarbeidast fullmaktsmatrise på innkjøp.
025/13 Overordna analyse – Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016 Bremanger kommune.	27.05.13		<p>27.05.13 Vedtak KU: Kontrollutvalssak 25/13 vart trekt frå møtet.</p>
026/13 Retting av opplysningar i brev til Fylkesmannen.	27.05.13		<p>27.05.13 Vedtak KU: Saka vert utsett til neste møte.</p> <p>Saka utgår.</p>
027/13 Oppfølgingsliste 3-2013 og merknadar - Bremanger	27.05.13		<p>27.05.13 Vedtak KU: Oppfølgingslista 3-2013 Bremanger vert teken til vitande.</p>

Oppdatert 07.10.13.